

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3

Hausten 2021

53 . årgang

God hausttid!



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake? Legg gjerne ett beskjed  
Samtale? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



### KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er339@kyrkja.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



### KONTORSEKRETÆR

Laila Sveen  
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Magnhild Claudius, leiar  
Tlf.: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Anders Grønbekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og Wenche Hillestad Møller

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

*Lær oss å telja  
våre dagar så vi kan  
visdom i hjartet!  
Salme 90, 12*

«Å ha nok er lykke,  
Å ha mer enn nok er skadelig.  
Det gjelder alle ting, men særlig penger.»

LAO-TZU ( 6. århundre f. Kr.)

*Det koster ikke noe å vere vennlig.*

Irisk ordtak

Forsidebilete: Ingjerd Thon Hagaseth.

Baksidbilete: Elisabet Norling



## BARN, IKKE BRUD

## Dette går pengene til

Hvert tredje sekund blir en jente giftet bort et sted i verden. Gjennom årets TV-aksjon skal vi sammen gi jenter muligheten til å velge sin egen framtid, og vie seg til livet.

Med årets TV-aksjon skal vi nå ut til tre millioner mennesker for å få slutt på barneekteskap i de landene der problemet er størst: Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger.

Vi skal jobbe for at jenter får bli på skolen, at barn, unge og eldre får opplæring i jenters rettigheter og i likestilling, og at lovverket skal beskytte barn fra å bli giftet bort. Barn skal få være barn, ikke brud.

Ta vel imot bøssebærerne.

## Haustfest med basar på Bruflat menighetshus

Laurdag 16. oktober kl. 14-17

Honning og Rigabalsam, Gjenbruksmusikken, Andakt

Sal av risgraut og pølser – kaffe, saft og vaflar



## PRESTENS HJØRNE

I september hadde eg den årlege stille veka mi på Lia gård i Østerdalens Storsjøen på Koppang.

Lia er ein usedvanleg stad, ein rastepllass i livet, som vertsfolket sjølv seier. Det er eit hovudbygg med kyrkje, rom som er bygd etter klostercelle-prinsippet, spisesal og peisestove. I nære skogområdet er det fleire kapell, og ei stavkyrkje etter modell frå Lomen er også reist på Lia.

Det er viktig å finne stille rom i kvardagen, for vi blir alle saman utsett for ein massiv informasjonsstraum frå ymse kantar. Av og til kan det vere godt å kome litt avsides. Liavekene er min veg. Nokon søker høgt til fjells, andre finn stillheit og ro på ein elgepost, andre att finn den simpelthen heime hos seg sjølv.

Poenget er uansett den indre balansen, og for meg er det godt å vere stille i fellesskapet på Lia. Vi snakkar ikkje saman, men vi samlast fleire gonger om dagen til stille, sentrerande bøn, der vi er fokusert på å lytte til Guds stemme. Kvar kveld feirar vi nattverd, og i

dagane er det gode rom til å rusle ute i naturen. Midt i septemberhausten, med klar luft og tindrande far gespel, er det godt å sette foten på trygge stigar og kjenne; eg lever!

Etter godt påfyll, er det fint å kome heimatt, til dei alminnelege dagane, dei er i praksis også dei beste. Med ønske om ei fin hausttid!

Marit prest

Samfunnet er i ferd med å opne opp att etter tilpassa nedstenging i samband med pandemien. Det var godt å opne kyrkjene, ta imot alle som vil kome, både til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Av omtanke for kvarandre, held vi oss likevel heime om vi kjenner oss sjuke, og vi vidarefører obligatorisk spriting av hendene ved inngangen.

**VARMT velkomne til kyrkjene våre!**



# Glimt frå aktivitetar i sommar og haust

## Plengudsteneste i Bruflatlie



Ronald Rasmussen, med sin klarinett, organist Serhiy Bykov og Marit prest brukte verandaen for å formidle bodskapen.



På plena var det varmt og godt i den strålende junisommarsola, så gudstenestefellesskapet søkte seg til skuggane.

Etter messa var det kaffeservering.

Ved bordet Anna Kompen, Sigrid Fossum, Ragnhild Fagernæs og Tutta Solberg.

## Bruflat kyrkje var sommaropen i fem veker



Omvisar Tutta Solberg.

Tutta Solberg, Tone Steinset, Ingun Kompen, Marion Lundstein, Ragnhild Fagernæs, Anne Marie Ødegaard og Solveig Skåren var omvisarar også denne sommaren. Tutta var omvisar i meir enn tre veker, og trivst veldig godt med oppgåva.


## Gudsteneste på seterhuset, N. Lenningen 1. august

Etter ei triveleg samling innandørs, var det duka for hesteskotevling, etter fleire års pause. «Vandrefatet» vart i år vunne av Terje Myrvang frå Brøttum. Gratulerer! Neste år må vi sørge for å få fatet heim til Etnedal... Ikkje sant, hesteskokastarar?



Vinnaren av hesteskotevlinga, Terje Myrvang, saman med ansvarleg poengtellar Kristen Nysveen.

## Fyrsteklasses gudsteneste, for fyrsteklassingar, og utdeling av 6-års bok.



1. klassetrinn hadde lagt bak seg ei veke på skulen då dei var invitert til Bruflat kyrkje.

Skulestart er ein viktig milepål i livet, som vi i kyrkja også ynskjer å markere. Alle namna blir nemnt, og vi ber både for fyrste året og for heile skuletida.



Her er nokon frå 1. trinn saman med trusopplærar Helena Wright og leiar i soknerådet Magnhild Claudius.

Knut Opheimsbakken spelte postludiet på hardingfele, og Helena (kona hans) spelte både preludiet, og var ansvarleg for tonefylgjet til sangane. Også ho, med fela si. (Eit triveleg og fint alternativ, då vår kjære organist var sjukemeldt.)



## Konfirmanttida 2021-2022 er i gang

Tysdag 7. september var det «presentasjonstime» for dei nye konfirmantane i Bruflat kyrkje.

Laurdag 11. september vandra dei frå Kyrkjesletta på Dalen til Nord-Etnedal kyrkje saman med prost Carl Philip Weisser og Steinar Stenseth og Klara Månum frå konfirmantutvalet.



Lese- og salmerast ved Steinsetfjorden. Foto: Steinar Stenseth



Nørre Bergsbakko. Frå ei av rastepausene. Fem av konfirmantane, Thea Skogstad Kvernmo, Sondre Tollehaug, Karita Sogn Bergene, Ane Gunbjørnsen og Mats Månum Nerli saman med prost Carl Philip Weisser.



Samling på Kyrkjesletta

**Doggdropen**

*Eg er berre doggdropen liten og veik  
som skjelvande ligg på eit blad.  
Eg lever 'kje lenger enn morgonen ut,  
så driv eg frå land og fer av.  
Du skapte meg, Herre, og gav meg eit kall  
til arbeid i vingarden din.  
Sjå doggdropen blenkjer når ljoset slepp inn,  
i guddommens prydnad han skin.*

*Eg lever i nåde og tryggleik hos deg  
frå dagning til kveldssola sig.  
Dei strålar du sender er varme for meg  
til hjelp på den mørke stig.  
Eg veit eg må falle til jorda eingong  
når bivrande vind tek meg bort.  
Då reiser eg heim til det himmelske land  
og takkar for alt du har gjort.*

*Oddmund Inge Haugen*



**Foto: Privat**



**Foto: Ingjerd Thon Hagaseth**

**OKTOBER**

*Atter gjester den høye måned  
Menneskenes lave trakt, atter  
skrider tankefulle oktoberdager  
stille over jorda. Tid som har  
sett alt, håpet alt, elsket –  
Sein tid  
med lys av solefall over panna  
som kvinner i sorg.  
Inne på stormyrene  
klager ei trane  
på ensomhetens ødslige språk  
som vet  
at ingen noensinne  
fikk et svar.*

*Hans Børli*

## ØNSKEDIKTET

Det var neimen ikkje enkelt dette. Eg er nok ikkje so veldig oppteken av dikt, men etter utfordring frå Terje Storsveen måtte eg då prøva å finna noko. So sat eg med Årbok for Valdres - 2020. Der var det eit dikt som heitte "Utslåtten" av Gunnar Brandsdal.

Då eg las dette diktet giekk tankane mine omkring tre generasjonar tilbake i tid. Den tida var det fleire utslåtter i utmarka heime og to utlører som dei samla avlinga i. Den eine av dei var ganske "løsafarin" i min barndom og ramla etter kvart saman. Den andre var i betre stand, og den plukka far min ned å sette ho opp at på Flæo. Der har ho gjort teneste som skåle i over seksti år. Kanskje greitt å bli minna om litt av det som våre forfedre streva med.

### «Utslåtten» av Gunnar Brandsdal

*Det lyser ei glenne i skogen,  
ein mosegrødd gamal voll.  
Er bortgløymd av riva og plogen,  
og hevda har pussar og troll.*

*Ein skigard er lagd overende,  
ho morknar den siste stengsla.  
Som einaste merke i lende  
heng grinda på eine hengsla.*

*Løa står att som ei skrymsle,  
der villkatt og ugler tek inn.  
For enda er ho ei gøymsle  
om veggen står gresen og grin.*

*Eingong kom plassen til nytte,  
dei onna inn alt dei vann.  
No vil dei heller flytte,  
til rikare åkerland.*

Utfordring til neste Ønskedikt:  
Kåre Espeseth



Sigurd Skogstad

Sigurd Skogstad

# Mi salme

Jeg synes denne salma er veldig fin og mektig, med en flott melodi.

## O store Gud

*O store Gud, når jeg i undring aner  
hva du har skapt i verden ved ditt ord  
Ser universet med de mange baner  
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord.*

*'/Da bryter lovsang i fra sjelen ut,  
o store Gud, o store Gud '/*

*Når jeg i skriften ser de mange under  
som Gud har gjort fra første Adams tid.  
Og ser hvortrofast Herren alle stunder  
har ført sitt folk igjennom livets strid.*

*'/Da bryter lovsang i fra sjelen ut.....*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde  
ja, at han gikk omkring og gjorde vel  
Inntil han sonet verdens synd og døde,  
og oppsto for å frlse hver en sjel.*

*'/Da bryter lovsang i fra sjelen ut....*

*Når så til slutt hvert tidens slør må falle  
og troens mål er nådd, så jeg får se  
Vil evighetens klokker sjelen kalle  
for tronen mellom skaren hvit som snø.  
'/Da bryter lovsang i fra sjelen ut  
takk store Gud, takk store Gud'/'*

Jeg utfordrer Anne Nora Lekanger til å velge "Mi salme" neste gang.

Åse Marit Sogn




Foto: Inger Olaug Tollehaug



Åse Marit  
Sogn

# **Historie og minne**

## **Borgny Paulsen –**

### **frå 64 år på**

### **Tonsåsen**

Borgny Paulsen bur no på Bruflat, i ein av boligane til Etnedal helselags Stiftelse, men storparten av sitt liv har ho budd på Tonsåsen. No synest ho det er veldig å passere gamle trakter, for området er ikkje til å kjenne att. Mesteparten av miljøet og det yrande livet ho opplevde i barndom, ungdom og voksen alder, er borte. Det var ganske så annleis den gongen, seier Borgny, som dei fleste kjenner som Bodda. Som sekstenåring, i 1954 fekk ho arbeid på Nystølen, som den gongen vart drive av Oslo Trygdekasse. Ho var værelsespiske og kjøkkenhjelpe og trivdes godt både med oppgåvene og arbeidsmiljøet.

Det var mange som hadde arbeidet sitt på Nystølen og på Tonsåsen rekreasjonsheim (tidlegare Tonsåsen sanatorium), som Oslo trygdekasse også dreiv. Både etnedøler og andre, frå ulike kantar av landet. Dei hadde rom i annekset ved sida av hovedbygningen. Bodda kan ennå peike ut rommet ho hadde, og kven som budde på dei andre, dei åra ho var der.

Langt heimatt var det ikkje heller. Bodda er fødd i Midt-Berg, og voks opp der hos foreldra Einar og Gjertrud, saman med to eldre søsknen, Ingrid og Martin.



**Borgny Paulsen ved Nystølen, dit ho kom som 16-åring.**



**Borgny Paulsen inviterar inn i boligen  
i Bruflatlie – og livshistoria si**

Ja, det var annleis då Bodda kom til Tonsåsen. Rundt Valdresbanen hadde det vakse fram eit sentrum gjennom meir enn femti år. Valdresbanen til Tonsåsen vart opna i 1903. Før det vart Bergenske kongevei lagt om i 1860-åra, så gjennom mange generasjonar hadde Tonsåsenområdet vakse seg stort.

Ein viktig faktor for etableringa og utviklinga av Tonsåsen var Tonsåsen sanatorium som Arild Huitfelt Siverts bygde i 1881. Det var ikkje heilt tilfeldig. Sivertsfamilien åtte i mange år Øvre Haug, og dreiv eigedomen attåt sanatoriet til 1885.



**Tonsåsen sanatorium på 1880-talet**



**Eit av lokomotiva på Valdresbanen, nov. 1988**  
Foto: Torodd Lybeck (utlånt frå Etnedal historielag).

Frisk luft, sunn mat og kvile, har vore varemerket for Tonsåsen og helseaktivitetane der heilt frå sanatoriet vart bygd, gjennom perioden med Oslo Trygdekasse sitt engasjement på Tonsåsen, til dr. Knut Sigurd Hovi starta si unike verksemd i nyare tid. (Frå 1980) Nils og Dagny videreførte faren sine visjonar, og dreiv Tonsåsen rehabilitering heilt fram til 2015.

Arild Huitfelt Siverts må også ha vore ein visjonær mann. I det store jernbaneåret 1903, då Valdresbanen vart opna fram til Tonsåsen stasjon, bygde han både landhandlari og Sportshotell på Tonsåsen. Siverts var også fyrste ordføraren, då Etnedal vart eigen sjølvstendig kommune i 1894.

Ein «illustreret reisehåndbog» frå 1902 fortel at Tonsåsen allerede ved århundreskiftet hadde «moderne bekvemmeligheter» som «postekspedition, Riks- og Privattelefoni, samt elektrisk lysanlegg»

Simen og Berit Wold kjøpte først landhandleriet av Siverts i 1910, og tre år seinare også Sportshotellet som først skifta namn til Tonsåsen turisthotell, og seinare til Nystølen turistheim. Det var fleire eigarkonstellasjonar her før Oslo trygdekasse overtok både Sanatoriet og Nystølen.

Villaen Nedre Granli vart bygd på den tida jernbanen kom, og seinare brukt i samband med Nystølen turistheim. Det var ei tid også bakeri i huset.

Gunhild (dotter av Simen og Berit Wold) og Erling Enge dreiv butikken frå 1938, og Bodda hugsar svært godt Engebutikken. Ho var sjølv tilsett der i perioder, både då Enge dreiv (til 1978) og seinare då det kom andre leietakrar. Det var nærbutikken på Tonsåsen, og ein samlingsstad for mange.

### **Valdresbanen**

Valdresbanen sysselsette mange, både etnedøler og frå andre distrikt. Det var behov for mykje arbeidsfolk for å drifta banen, sporet, togsetta og stasjonsområda. Det var stor persontrafikk i mange år, og banen førte dessutan med seg mykje fraktverksemd. Mest alle varer til bygda kom i fleire tiår til Tonsåsen stasjon. I starten var det hestetransport til og frå stasjonen, seinare bilar, og i høgesongane sto det lange køer med transportørar som venta på folk og varer.

Posten kom også fram via jernbanenettet. Postopneri vart starta av Postverket på sanatoriet allereide i 1883, og vart flytta til Tonsåsen Jernbanestasjon i 1905. Tora Wold tok over som postopnar i 1916 og hadde stillinga heilt fram til 1950, dels i Tonsåsen landhandlari og dels i eit hus som låg nordafor butikken. Norges Statsbaner tok over postopneriet i 1950, og dreiv det på Tonsåsen stasjon til det vart lagt ned i 1984. Stasjonen, postopneriet og miljøet ikring samla både små og store.

Fylgjande tre eksempel seier litt om trafikken på Valdresbanen.

Ei julehelg kom det 1150 skipar til Tonsåsen stasjon. Dei skulle «fordelast» både til turistbedriftene og etter kvart til hyttene som hovedsakeleg vart bygt opp på tonsåsenplatået.

I 1954 vart det sett inn 12 ekstra påsketog på Valdresbanen. Det tok det til å koma ein del danskar, og Ifylgje avis Valdres ( 6. mars) «blir det fleire etter kvart.»

Avisa Valdres 12.10. 1940 «Krøttertransporten på Valdresbanen har i år vært større enn før. Sist mandag



**Furuhaug, vaktarboligen på Tonsåsen, der Bodda budde i 58 år**

gikk det to hele dyretog med tretti vogner fra Fagernes, og mandag skal det sendes omrent samme antall dyr.»

I tillegg var det stor tømmertransport på Valdresbanen i alle år, og den heldt også fram etter at persontrafikken vart lagt ned, frå Dokka var det tømmertransport heilt til 31. mars 1999.

### **Valdresbanen og møtet med Åsmund**

Valdresbanen skulle også bli meir sentral i Bodda sitt liv enn ho kanskje hadde tenkt seg, for ho traff Åsmund Paulsen, som hadde arbeidet sitt på banen. Dei gifta seg då Bodda var 22 år gammal, og fyrste tida budde dei i ei lita leilighet på Postkontoret. Eldstedotter Bodil vart fødd medan dei budde der. Då jente nr. to, Sissel kom, var dei for lengst flytta inn i vaktarboligen, Furuhaug lenger sør på Tonsåsen, ved sida av sagbruket som Bergfamilien bygde.

Anne og Gunnar Berg hadde forresten bygd seg bolig på andre sida av fylkesvegen same året som Bodda kom på Nystølen, og Bodda fortel om godt og trivelig naboskap gjennom alle år.

Vaktarboligen var arbeidsbolig for tilsette i Norges statsbaner, og det budde på den tida to familiarer der, ein i fyrste – og ein i 2. etasje. Der vaks jentene opp,

på ei fin naturtomt, rett ved jernbanelinja, med Stasjonstjernet på andre sida. Bodda sto støtt i husmorarbeidet, hadde småjobbar på butikken, og trødde også til då andre trengte litt hjelp med mat og anna. Dessutan var ho viden kjent for sin bakst. Opp mot jul var det ikkje berre 7 slag på Furuhaug. Eg har med eigne øye sett 21 slag ...

Frå vaktarboligen vokste familien til Bodda og Åsmund seg større. Det kom svigerbarn inn i familien, Bjørn og Øystein, og etter kvart fire barnebarn, Silje og Bente, Kent Are og Kim Ørjan. Kim Ørjan, mista dei. Han vart berre fem månadar gammal, og etter at Åsmund døydde i 2004, har Bodda og familien mista både dotter og syster Sissel og eitt barnebarn til, Kent Are, så det har vore mange sorglandskap å vandre i. Bodda fekk oppleve å ha Kent Are som nesten-nabo dei to siste åra han levde, og sjølv om han hadde mykje å vere engasjert i, stakk han ofte innom bestemor.

Elles var Bodda aktiv i Breien helselag, og opna gjerne huset for helselagsmøter. Ja, også etter at ho flytta til Bruflat tek ho imot invitasjon til helselagsmøte, særleg frå krinsen sin.

Om somrane då Bodil og Sissel vokste opp var det faste turar til setra på Meinset, der Berit Storbråten styrtte med dyr og mjølking, ysting og separering. Rumme-

graut på setra, og tjukk, god rumme på norgesglas, - det er slik ein aldri gløymer.

Åsmund var linjevisitor, og hadde hovedansvaret for strekninga Nordsinni-Fagernes. Med seg hadde han femten andre karar. To hadde ansvaret for snøbrøytinga vinterstid.

Ein par dagar i veka kørde Asmund strekninga med dresin, i mange år med manuell kraft. Seinare vart dresinen motorisert, men uansett måtte han køyre sakte, for det var viktig å glåme nøyne, så feil kunne bli oppdaga. Heldigvis var det ikkje ofte alvorlege feil, så som linjebrot. Ein av tinga som imidlertid skjedde ofte, var kjøving etter skinnegangen. Somme tider kunne isen berre hoggast bort, men ikkje sjeldan måtte han fram med ein dynamittkubbe og sprengje isen unna. Sommerstid var det mykje brannvisitasjon etter tog som kørde i motbakke, før diesellokomotiva kom. Over 100.000 km. kørde Åsmund med dresinen sin frå 1941 til 1988.

Bodda er stolt av det verdfulle arbeidet Åsmund gjorde gjennom 47 år på Valdresbanen, og det var umåteleg trist i heimen då banen vart lagt ned. Siste ordinære togavgangen var 31. desember 1988. Då toget kom den dagen, sto Borgny og Åsmund ute på trammen. Lokføraren stoppa toget og tuta ei helsing til dei. Det var stas, men inga god stund for den gamle linjevisitøren. Både Åsmund og Bodda var klare på at Valdresbanen burde hatt ei anna og lysare framtid.

Men Bodda trekker også fram gledene frå gode stunder heime på Furuhaug, triveleg nabofellesskap, og alle møtepunkta på «gamle» sentrale Tonsåsen. Det er ikkje vanskeleg å forstå at Bodda synest det er vemodig å køyre over der no. Det gjer ho forresten ofte, til og frå familien i Bagn. Ho kan ikkje få fullrost dotter Bodil og svigerson Bjørn, for alt dei gjer for henne. Og i den greina har det også kome tre oldebarn, Bjørnar, Embrik og Helle, som Bodda også gjerne fortel om, stolt som ho er av heile familien sin.

Marit prest



Faksimile frå avisa Valdres 1. november 2003. (Artikkelen er skrive av Kåre Strande). Åsmund vinkar farvel til toget.

 **Etnedal  
kommune**

- Minst og best -

**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunens hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunens facebook-side

## **Kulturdagatn i Etnedal 2021**



LAURDAG 23. TIL SUNDAG 31. OKTOBER

<b>Laurdag 23.10.</b>	<b>11.00-16.00 - Handverksmesse med opning av Kulturdagatn og Blåflat gard</b> Blåflat gard - Ordførar opnar kl. 12.00 – innslag og utstilling v/ kulturskulen. Arr. Etnedal husflidslag, Stiftelsen Blåflat gard, Etnedal kommune	<b>12.00-15.00 - Open badstogo med foredrag kl. 13.30</b> Bruflat badstue - Foredrag med Hallgrim Rogn om boka «Badstufolk»
	<b>14.00 - Konsert ved kulturskulen</b> Etnedalsheimen	<b>16.00 - Ettermiddagskonsert med Synvis</b> Bruflat kyrke
<b>Sundag 24.10.</b>	<b>11.00 - Gudsteneste med takkoffer til TV-aksjonen</b> Nord-Etnedal kyrke	
<b>Måndag 25.10.</b>	<b>11.30 - Etnedal seniordans</b> Etnedalsheimen	<b>13.30 - Konsert ved kulturskulen</b> Etnedal skule
<b>Tysdag 26.10.</b>	<b>09.30 - Konsert ved kulturskulen</b> Eventyrskogen barnehage	<b>18.00 - Kåre Kompelien: «Ondt blod i bygde-Norge»</b> Etnedal folkebibliotek
<b>Onsdag 27.10.</b>	<b>18.00 - Egil Martin Kurdøl og Marit Arnekleiv: Møller landhandel i Etnedal – lokalhistorie og ballong-kunst samt andre kunstprosjekt</b> Etnedal folkebibliotek	
<b>Torsdag 28.10.</b>	<b>18.00 - Hallo-hviiin på Blåflat gard</b> Arr. Etnedal ungdom & fritidsklubb	
<b>Fredag 29.10.</b>	<b>12.30 - Konsert med Guren Hagen</b> Etnedalsheimen	<b>18.00 - Kulturkveld med kulturpris og konsertar: Geirr Lystrup, Aage og Geir Aage Sogn</b> Samfunnssalen. Arr. Bruflat sangkor
<b>Laurdag 30.10.</b>	<b>19.00-24.00 - QulturQuiz med quizmaster Øyvind Rust</b> Øvrebygningen på Blåflat gard. Arr. Stiftelsen Blåflat gard	
<b>Sundag 31.10.</b>	<b>12.30 - Vandring på kongevegen frå Breie til Blåflat</b> Oppmøte Bruflatparken – transport til Breie Arr. Etnedal turlag	<b>12.00-15.00 - Familiedag i hallen med fotball og turn</b> Etnedalshallen - Arr. Etnedal gym & turn og Etnedal fotballklubb



Kontakt: Nina E. Grønbekk (kulturkonsulent) - Tlf. 61 12 13 45  
e-post: [nina.grønbekk@etnedal.kommune.no](mailto:nina.grønbekk@etnedal.kommune.no)



## Bygdebørsen

**«En handleopplevelse utenom det vanlege. Her møter butikkhistorie og den nostalgiske innrammingen, det moderne»**

På grunn av koronapandemien har jeg vært svært forsiktig med bedriftsbesøk i år. Jeg var imidlertid så heldig å få åpne Bygdebørsen i de gamle butikklokalene i Robøle i slutten av mars.

Jeg ønsker å takke innehaverne Kirsti Hagaseth og Einar Flø gum, for at det blåses nytt liv i denne kultur-

skatten. Dere er til stor inspirasjon for oss alle. Dere viser at det går an å få til noe. Jeg er sikker på at butikken og konseptet vil bli en stor suksess, og bli hyppig benyttet både av innbyggere, deltidsinmbyggere og besøkende. Her får man en handleopplevelse utenom det vanlige. Her møter butikkhistorie og den nostalgiske innrammingen, det moderne. Bygdebørsen har et rikholdig vareutvalg. Her finnes alt fra interiør og lokale håndverksprodukter i tekstil, glass, skinn og smijern – til smakfulle varer som kjøtt, ost, egg, honning og nykvern kaffe.

Jeg oppfordrer alle til å handle lokalt så langt som mulig. Bruker vi tilbudene i bygda, vil de også blomstre og utvikle seg videre til glede for oss alle.

Det har vært en glede også å følge utviklingen til Bygdebørsen fra åpningen i vår og gjennom sommeren. I tillegg til landhandleri med lokalmat, gaver og interiør, utvikles Bygdebørsen stadig videre som en trivelig møteplass, og det er arrangert både minikonserter, utstillingar og hageselskap.

Jeg ønsker lykke til med butikkdriften, og videre planer for Bygdebørsen!

Ordførar Linda Mæhlum Robøle



Kirsti Hagaseth bak kjøpmannsdisk'en på Bygdebørsen.



Ordførar Linda Mæhlum Robøle opna Bygdebørsen i slutten av mars

## Aktivitetstiltak for å motvirke ensomhet

Statsforvalteren etablerte i 2020 en tilskuddsordning på vegne av Helsedirektoratet som en engangsbevilgning for å legge til rette for mer aktivitet hos sårbare grupper. Formålet var å motvirke ensomhet og passivitet og å skape aktivitet, deltagelse, sosialt fellesskap og møteplasser. Tilskuddsordningen kan ses i sammenheng med ett av satsningsområdene i Stortingsmelding nr. 15 (2017–2018). «Leve hele livet er en reform for aktivitet, deltagelse og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldres forhold til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevelser og møter på tvers av generasjonene. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal være tilpasset den enkelte eldres interesser, ønsker og behov.»

Etnedal kommune, Etnedal helselag og Etnedal frivilligsentral søkte midler og fikk kr 310 000,-. Arbeidsgruppa for tilskuddet består av Torgun Thon Hagaseth, Etnedal helselag; Kari Skogstad, Etnedal frivilligsentral; Lillian G. Lie, avdelingssykepleier i hjemmetjenesten og Eli Strand, enhetsleder for omsorg og rehabilitering. Vi er av den mening at alle innbyggerne våre bør forme sin egen hverdag, også når helsa svikter, være aktive og delta i et sosialt fellesskap når dette er ønskelig. Koronapandemien har skapt mange begrensninger i så måte, og mange opplever at livet har blitt ekstra sårbart. Å tilhøre et fellesskap har stor betydning for både den mentale og fysiske helsa.

Helselaget i Etnedal eier og driver 16 boliger som ligger sentrumsnært. I tilknytning til boligene er det et nyoppusset seniorsenter med kjøkken, stue, toalett og hvilerom. Disse lokalene er en flott og lett tilgjengelig møteplass. Beboerne er over 60 år, de fleste bor alene, har varierende funksjonsnivå og ulikt nettverk. Dette ble vår målgruppe for prosjektet.

### Målet for prosjektet er:

- Opprette varig møteplass for et sosialt fellesskap og økt aktivitet.
- Hindre ensomhet og passivitet ved å legge til rette for at beboeren kan holde kontakt med sine pårørende eller annet nettverk via digitale løsninger.
- Skape gode øyeblikk, meningsfulle dager og økt livskvalitet.
- Meningsfulle aktiviteter med fokus på hverdagsmestring og velferdsteknologi.
- Styrke samarbeidet med de frivillige.

Vi ønsket å arbeide for å motivere denne gruppen med 16 beboere til å komme sammen. Arbeidsgruppa snakket med hver beboer for å kartlegge den enkeltes behov og ønsker. Dette la grunnlaget for utformingen av aktivitettsplanen, som innebærer:

- Hverdagslige aktiviteter med fokus på egenmestring (hverdagsrehabilitering).
- Trening som den enkelte kan beherske.
- Mulighet for å lage enkle måltid og oppleve matglede.
- Informasjon om velferdsteknologi, herunder digitale løsninger for å enkelt kunne ha kontakt med sine pårørende eller annet nettverk.
- Informasjon og undervisning via webinarer og ekssterne/interne forelesere. Tema: Kosthold, forebygge hjemmeulykker og brann, sykdomslære osv.
- Besøk fra biblioteket, introdusere lydbøker.
- Arrangerte turer i lokalmiljøet, «gå på gamle stier».
- Kulturelle opplevelser.
- Generasjonsmøter med besøk fra skole og barnehage for felles aktiviteter.

Av aktiviteter så langt er det arrangert utekonsert med Aage Sogn, tur til Lenningen med underholdning av Vegard Thon og hans torader, besøk fra Eventyrskogen barnehage med sang og skuespill, og en tur til Piltingsrud Gard med nydelig servering og omvisning. Neste tur går til Bygdebørsen i Etnedal.

Ett av målene er helt klart nådd siden beboerne selv har tatt initiativ til å møtes en dag i uka for sosialt fellesskap, uten innblanding fra oss i arbeidsgruppa. Dette startet opp som plenkaffe i sommer, og etter hvert som høsten har meldt sin ankomst, foregår aktiviteten nå inne på seniorsenteret. Takk for alle gode opplevelser vi i arbeidsgruppa har hatt sammen med dere i år!

Eli Strand



**Arbeidsgruppa ved velkomstskiltet i Bruflatlie. Eli Strand, Kari Skogstad, Lillian Gillebo Lie og Torgun Thon Hagaseth**

## Glimt frå aktivitetane:

### Fest-stund i friluft for etnedøler

Trekkspelmusikk og friske historier, god grillmat attåt god prat i koronaavstand – alt dette samla ein gjeng entedøler på Bruflat i vår.

Alt var kortreist. Aage Sogn, importert etnedøl, stod for musikk til både lytting og allsong. Og sanneleg tok ikkje Odd seg ein svingom på snounderlaget! Mange av aldersbustadane på Bruflat stod tomme i fleire timer denne dagen. Folk kosa seg stort i kjøleg ute-selskap i fluktstolar med pledd. Alle sat i ein stor ring like ved grillen, der Kari Skogstad frå Frivilligsentralen ordna varm mat. Den vart delt ut av leiar i Etnedal helselag, Torgun Thon Hagaseth og Lillian Gillebo Lie i heimetenesta. Eli Strand styrer Etne-dalsheimen til dagleg, men her styrde ho programmet - medan friske historier styrde seg sjølv!

### Munter stemning med god mat

Leiar i Etnedal helselag, Torgun Thon Hagaseth, var i farta med servering.

Stemingen var upåklageleg munter, sjølv om grade-stokken ikkje var så veldig positiv. Gode pledd, god mat, godt selskap og fin underhaldning gjorde sitt til at alle heldt ut og kosa seg ei god stund.

Frivilligsentralen, helselaget og kommunen har inn-gått eit samarbeid som tiltak for å motvirke isolasjon om einsemd blant eldre på grunn av koronasituasjonen. Det er etter søknad motteke midlar til dette frå fylket. Friuftstreffet var det fyrste tiltaket som gruppa arrangerte, men det vart lova, at det garantert ikkje blir det siste!

Ingun Kompen



**Varmande tonar:** Aage Sogn underheldt med varmande toner og historier då frivilligsentral, kommune og helselag inviterte til treff utandørs ved eldrebustadane på Bruflat..

### Tur til Lenningen seterhus med underhaldning av Vegard Thon.



### Kaffestund i salongen




Vegard Thon underheldt med torader.


### Opplevingsdag på Piltingsrud



Siri Ødegaard viste rundt på gården. Her er hun og Kristen Hagaseth sammen med et av gårdens fjærkre.



Hønene på Piltringsrud er glad i besøkende. Ingrid Bergene ser ikke ut til å mislike det.



Anders J. Espeseth fant seg «ny kjøredoning»



Trivelig besøk fra Eventyrskogen barnehage

## Gullkonfirmantane i Bruflat kyrkje hausten 2021



Bruflatkonfirmantane anno 1971 var samla til jubileumsfeiring i Bruflat kyrkje 12. september. Fyrste rekke: Jorund Sofie Tidemandsen Opsahl, Synnøve Bergene Grutle, Bodil Kringli. Andre rekke: Erik Henry Sveen, Kjell Nysveen, Ola Kompen, Jan Martinsen, Bjørn Lunde, Terje Bjørnødegård, Marit prest. Foto: Ingun Kompen



Slik såg dei ut i 1971 ....

## Gullkonfirmantane i Nord-Etnedal vart feira søndag 26. september



Ingvar Sletten, Kjell Solbrekken, Liv Lundmoen, Birger Bergsbakken og Anders Fauske.



## Årets konfirmantar i NE

Mats Månum Nerli,  
Thea Skogstad Kvernmo,  
Øystein Bergene.

## VIGSEL



**Inger Anna Lysthaug og Knut Småladen** vart vigde på Skogtun grøndehus laurdag 26. juni. Brudeparet fotografert saman med Marit prest etter vigselen.  
Foto: Privat



**Sara Bråten Asbjørnsen og Albert Bråten Asbjørnsen** vart vigde på Herangtunet i Øystre Slidre 28. september. Fotograf: Siri Berntsen



**Gullbrudeparet Bodil og Ole Magnus Røstelien** fornya ekteskapsløftet sitt i Bruflat på bryllupsdagen sin 4. september, 50 år etter bryllupet. Gullbrudeparet og festlyden vart overraska av inngangsmarsj på hardingfele, då Helena Wright kom inn i si flotte finske nasjonaldrakt. Ho spelte óg til sangane, og døtrane til gullbrudeparet, Rita og Trine sang «Mitt hjerte er ditt, ditt hjerte er mitt». Foto: Privat

## DÅP



**Jenny Longfeldt Fauske** vart døypt 17. juli i Nord-Etnedal kyrkje.

Dåpsbarnet Jenny saman med foreldra Jon Erik Fauske og Sabrina Longfjeld Hjort, Marit prest og fadrane Caroline Hjort og Marianne Fauske.



## Slekters gang

**DØYPTE**



### Nord-Etnedal

Jenny Longfeldt Fauske 17.7

### Bruflat

Arja Bøe Sveen 05.09 (Døypt i Ulnes kyrkje)

**VIGDE**



### Bruflat

Inger Anna Lysthaug og Knut Småladden 26.06

### Nord-Etnedal

Sara Bråten Asbjørnsen og Albert Bråten Asbjørnsen 28.09 (Vigde på Herangtunet i Øystre Slidre)

**DØDE**



### Nord-Etnedal

Per Tollehaug 10.09

### Bruflat

Siri Mathea Øverlier 17.09

**Arja Bøe Sveen** vart døypt i Ulnes kyrkje 5. september.

Her er ho saman med foreldra Jorid Bøe Bergsbakken og Joachim Sveen.

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 3. oktober – 19. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Joh 7, 14-17*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Gudsteneste med nattverd  
Takkoffer til diaconiarbeidet i  
kyrkjelyden

## 10. oktober – Inga gudsteneste

## 17. oktober – 21. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Luk 16, 19-31*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til TV-aksjonen

## 24. oktober – 22. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Joh 12, 35-36*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til TV-aksjonen

## 31. oktober – Bots- og bønnedag

*Preiketekst: Luk 18, 9-14*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Dåp.  
Utdeling av kyrkjebøker til  
2 – og 4- åringer  
Takkoffer til Kirkens SOS

## 7. november – Allehelgensdag (Minnedag)

*Preiketekst: Matt 5, 13-16 (Joh 11, 1-5.33-38)*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje  
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje

## 14. november – Inga gudsteneste

## 21. november – Domssøndag / Kristi kongedag

*Preiketekst: Matt 25, 1-13*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Dåp. Takkoffer til  
Institutt for sjælesorg.

## 28. november – 1. søndag i adventstida

*Preiketekst: Matt 21, 10-17*

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse.  
Julespelet «Dei tre vise menn»  
av Aage Storengen.  
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge

## 5. desember – 2. søndag i adventstida

*Preiketekst: Joh 16, 21-24*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Lysmesse.  
Takkoffer til IKO

## 12. desember – 3. søndag i adventstida

Inga gudsteneste

**Med etterhald om evt. endringar.**

**Gudstenestene blir annonser i avis Valdres, på  
heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal  
og på Face-book-sida, Kyrkja i Etnedal.**



Rastepllass. Foto: Ingjerd Thon Hagaseth.

«Tvilar du på at eg er glad i deg?  
I morgon skal eg syne deg moltestadene mine ...»

Ukjent

